

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 08.08.2023
SAKSHANDSAMAR: Randi Nisja Heskestad
SAKA GJELD: **Tilleggsdokument til oppdragsdokument og protokoll fra
føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2023**

ARKIVSAK: 2023/17
STYRESAK: **081/23**

STYREMØTE: **06.09.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tar tilleggsdokument til oppdragsdokument og protokoll fra føretaksmøte i Helse Vest RHF den 13. juni 2023 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag den 13. juni 2023 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF (sjå vedlegg 1). Møtet blei halde som felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka.

I slutten av juni 2023 fekk Helse Vest RHF eit tilleggskokument til oppdragsdokument 2023 frå Helse- og omsorgsdepartementet, etter Stortinget si behandling av Prop. 118 S (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023) (vedlegg 2).

Fakta

Tilleggskokument til oppdragsdokument går inn som del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet 13. juni 2023, er dette formelle styringsverkemiddel departementet rår over overfor dei regionale helseføretaka, utover lov og forskrift.

I føretaksmøtet 13. juni 2023 blei følgande saker behandla:

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Årleg melding 2022, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

Sak 5 Godkjenning av retningsliner for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a

Sak 6 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Sak 7 Endring i driftskredittramma for 2023

Sak 8 Investeringslån og tilskot til protonsonter – endringar i samband med RNB for 2023

Sak 9 Spesialisthelsetenester til militært personell frå utlandet

Sak 10 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina

Sak 11 Bierverv

Styringskrav blir vidareformidla til helseføretaka i tilleggskokument til styringsdokument 2023, som vil bli behandla i styresak 082/23.

Hovudinnhald - nye styringskrav

I tilleggskokument til oppdragsdokument blei det til Helse Vest RHF gitt nye oppdrag kategorisert under følgjande to av dei tre hovudmåla som er kjende frå oppdragsdokumentet frå januar 2023:

- Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit
- Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Det blei i tilleggskokumentet ikkje gitt nye oppdrag til Helse Vest RHF under hovudmålet *Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling*.

Helse Vest RHF fekk i tilleggskokumentet mellom anna i oppdrag å setje i gang regionalt strukturerte arbeid for å fremje riktig oppgåvedeling mellom personell og effektiv organisering.

Andre oppdrag var mellom anna knytt til oversikten over behandlingsstudiar på helsenorge.no, og oppfølging av UKOM sin rapport om pasientsikkerheit for barn og unge med Kjønnssinkongruens. Vidare blei det gitt oppdrag om å greie ut ein føremålstenleg organisering av utgreiing av kognitiv svikt og demens i spesialisthelsetenesta, og ein blei bedd om å gi innspel til stortingsmelding om det prehospitale området.

Gjennom føretaksprotokollen fekk Helse Vest RHF mellom anna eit oppdrag knytt til spesialisthelsetenester til militært personell under opplæring i Noreg, og eit oppdrag om donasjon av ambulansar til Ukraina.

Vedlegg:

- 1 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2023
- 2 Oppdragsdokument 2023 - tilleggskokument etter Stortingets behandling av Prop. 118 S (2022–2023)